



Karen Tvedt

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/3874 - 15/33853

Saksbehandlar:

Siril Therese Sylta

SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:

05.11.2015

## Svar på spørsmål vedkomande byggesaksgebyr - 139/85 Tveiten nedre

Viser til ditt brev datert 7.10.2015 der du har spørsmål til bruk av gebyrregulativet i denne saka.

I brevet vert det stilt spørsmål til bruken av gebyrregulativet, og om punkt 9.1.3 i gebyrregulativet som skulle vore nytta.

I gebyrregulativet punkt 9.1.3 står det «Dispensasjon som gjeld arealformål LNF for mindre tiltak på bygd eigedom, utanfor 100 m beltet til sjø eller vassdrag. Jf. definisjonen av mindre tiltak i Pbl § 20-2, jf SAK § 3-1».

I denne saka vart det gjeve dispensasjon frå LNF- føremålet og frå plan- og bygningslova § 1-8, som gjeld byggeførbodet i 100 meters beltet langs sjø/vassdrag. Din sak kjem såleis ikkje inn under punkt 9.1.3, då eigdommen ikkje er ein bygd eigedom utanfor 100 meters beltet til sjø.

I gebyrregulativet punkt 4.12 står det «*når særlege grunnar ligg føre kan det søkjast om redusert gebyr. Søknad om redusert gebyr skal være grunngjeven. Personlege og/eller sosiale tilhøve vert ikkje rekna som særleg grunn. Fastsetting av gebyret skal skje ved enkeltvedtak.*»

Du står fritt til å sende inn ein søknad om reduksjon av gebyr dersom du ønskjer det. Lang saksbehandlingstid vil nok ikkje vere tilstrekkeleg til å gje redusert gebyr her, då det ikkje var fastsett frist for sakshandsaming av dispensasjonssøknader før 1.7.2015.

Med helsing

Siril Therese Sylta  
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



**Mottakarar:**  
Karen Tvedt